LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 03.07.2019 |
| Vår: 19/1878 - 19/21653 | Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no | |

# Oversender søknadom dispensasjon til uttale - gbnr 215/2 Eidsnes ytre

| | |
|---|---|
| Tiltak: | dispensasjon |
| Byggjestad: | Gbnr: 215/2 |
| Tiltakshavar: | Egil Magnar Eidsnes |
| Ansvarleg søkjar: | Egil Magnar Eidsnes |

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppretting av eigedommar til bustadføremål. Tiltakshavar ynskjer å frådele areal frå gbnr 215/2 for oppretting av 2 bustadeigedommar. Dei nye tomtene skal knytast opp mot 2 tomter som allereie er frådelt frå eigedommen.
Det er søkt om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen for Lindås kommune for frådeling av areal.

**Planstatus**
Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

**VURDERING**
Administrasjonen har ikkje tatt endeleg stilling til saka, men er i utgangspunktet kritisk til at det delast frå fleire eigedommar utan regulering av området. Administrasjonen vil vurdere saka etter å ha motteke uttale frå høyringspartar. For at deling skal skje må følgjande vere på plass:

- Dispensasjon frå plankrav i kommuneplan.
- Vedtak etter jordlov.
- Utsleppsløyve etter forureiningslova.
- Utvida bruk av eksisterande avkøyrsle.

Fullstendig søknad om dispensasjon ligg som vedlegg til oversendelsen.

| Oversiktskart | Areal til frådeling (oransje) |
|---|---|
|  |  |





**Veglova**
Tiltaket vil krevje utvida bruk av eksisterande avkøyrsle dersom areal vert frådelt og nye eigedommar vert oppretta.

**Landbruk**
Søknad om deling vil kreve vedtak etter jordlova.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3). Fylkesmannen i Vestland og Statens Vegvesen har orientert om utvida høyringsfrist til 8 veker i perioden 17. juni – 18. august.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Per Sveinar Morsund<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om dispensasjon - gbnr 215/2 Eidsnes ytre

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Egil Magnar Eidsnes | Eidsnesvegen 107 B | 5913 | EIKANGERVÅG |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Vestland<br>Kjartan Nyhammer | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Planavdelinga | | | |
| Statens vegvesen Region vest | Askedalen 4 | 6863 | LEIKANGER |